



Jobbnorge-ID: 200547
Søknadsfrist: 18.04.2021
Nettside: <http://www.uio.no/>
Omfang: Heltid
Varighet: Åremål

Institutt for lingvistiske og nordiske studium

Postdoktor i norrøn filologi

Om stillinga

Ei treårig stilling som postdoktor (SKO 1352) i norrøn filologi er ledig ved [Institutt for lingvistiske og nordiske studium](#), Universitetet i Oslo.

Stillinga er knytt til det NFR-finansierte prosjektet Old Norse Poetry and the Development of Saga Literature (SagaPoetry), prosjektnummer 313688. Hovudmålet med prosjektet er å røkja etter kva skaldediktning hadde å seia for framvoksteren av norrøn sagalitteratur.

Prosjektet tek utgangspunkt i to overordna hypotesar:

- Fyrst at skaldedikt og i ein viss mon eddadikt spela ei heilt avgjerande rolle i framvoksteren av norrøn sagalitteratur, ei rolle som var langt viktigare enn det tidlegare forskning har ansa på.
- Dineast at det var ei utvikling der tidlege sagaforfattarar siterte poesi som kjelder og som dokumentasjon av historiske fakta, medan poesien seinare vart ein integrert del av produksjonen av sagalitteratur. Etter kvart vart skikken med å sitera poesi eit stilistisk ideal i seg sjølv, og sagaforfattarar kom då meir og meir til å dikta skaldevers sjølve og eigna dei til personane dei skreiv om.

For meir informasjon sjå heimesida åt prosjektet: [Norrøn poesi og utviklingen av sagalitteraturen - Institutt for lingvistiske og nordiske studier \(uio.no\)](#).

Søkjarar skal leggja fram ein plan for eit sjølvstendig forskingsprosjekt som tek opp eitt eller fleire kjernetema i det overordna prosjektet. Mogelege emne femner om etterrøkingar i bakgrunnen åt sentrale prosimetriske genrar og verk. Dei noverande medlemene av prosjektet studerer islendingesoger, kongesoger, fornaldarsoger, Landnámabók og skaldedikt som førelauparar til soger. Søkjarar kan velja å utvida perspektivet på eit av desse emna eller å utforska andre genrar. Til dømes er ikkje samtidssoger eller Edda-prosimetrum dekte i projektskildringa. Søkjarar kan òg utforska/granska sider av den poetiske tradisjonen som er relevante for framvoksteren av sagalitteratur, eller gjeva seg i kast med hovudhypotesane for prosjektet på annan måte. Val av metodologisk og teoretisk rāmeverk og perspektiv bør gjerast greie for av søkjarane.

Tilsetjinga gjeld for ein periode på 3 år. I stillinga er det ein undervisnings- og administrasjonsdel på 10 prosent. Det vert forventat at den som vert tilsett, vert del av eit forskingsmiljø eller -nettverk og bidreg til fagleg utvikling i miljøet. Postdoktorstillingar har til hovudmål å kvalifisera for arbeid i vitenskaplege toppstillingar. Den som vert tilsett kan også søkja NFR for inntil 12 månaders tilleggsfinansiering for eit forskingsopphald ved ein utanlandsk institusjon.

Kvalifikasjonskrav

- doktorgrad eller tilsvarande akademisk kvalifikasjon med ei spesialisering i norrøn poesi eller sagalitteratur (med ein monaleg poetisk komponent)
- Prosjektet åt søkjaren må liggja tett opp mot hovudprosjektet.
- særskild framstillingsevne skriftleg og munnleg på engelsk. Arbeidsspråket i prosjektet for intern kommunikasjon og prosjektmøte kjem til å vera skandinavisk (norsk, svensk, dansk), og ein viss tåme i eit skandinavisk språk er difor påkravd.
- at ein er personleg eigna og motivert for stillinga

For søkjarar som ikkje har disputert, er det ein føresetnad at doktorgradsarbeidet er levert til gransking før søknadsfristen går ut. Det er ein føresetnad for å kunna taka til i postdoktorstillinga at disputasen er godkjend.

Ved vurdering av søknadene kjem det til å verta lagt vekt på:

- den vitenskaplege kvaliteten på prosjektet, medrekna kor aktuelt og nyskapande det er
- dei faglege og personlege føresetnadene søkjaren har for å gjennomføra prosjektet innanfor tidsråma og gjeva tilskot til hovudprosjektet
- gode samarbeidsevner og evne til å vera del av faglege fellesskapar på tvers av disiplinar

Me tilbyd

- løn frå 526 000 til 608 200 per år, avhengig av kompetanse
- kompetanseutvikling i eit stimulerande akademisk miljø
- medlemskap i [Statens Pensjonskasse](#)
- [gode velferdsordningar](#)

Søknaden skal ha med

- søknadsbrev som skildrar kvalifikasjonar og motivasjon for stillinga
- Curriculum Vitae med karakterar lista opp (med oversyn over utdanning, tilsetjingar, undervisningsrøynsle, administrativ røynsle og andre kvalifiserande aktivitetar)
- publikasjonsliste
- prosjektskildring på 3-5 sider, maksimum 14,000 teikn, (sjå [mal for prosjektskildring](#)), inkludert framdriftsplan. Det vert føresett at søkjaren er i stand til å gjennomføra prosjektet innanfor den perioden tilsetjinga varer.

Ver merksam på at alle dokument må vera anten på engelsk eller eit skandinavisk språk.

Søknad med vedlegg må sendast inn gjennom det elektroniske rekrutteringssystemet vårt; ver gild å klikka «Søk stillinga». Søklarar med utdanning frå ein institusjon utanfor Skandinavia vert bedne om å leggja ved ei forklåring på karaktersystemet som vert nytta der.

Det kjem til å verta nytta intervju i tilsetjingsprosessen.

Andre opplysningar

Me viser til [forskrift](#) om tilsetjingsvilkår, attåt [retningslinjer](#) for tilsetjing i postdoktorstillingar ved Universitetet i Oslo.

I samsvar med paragraf 25, 2. ledd, i offentleglova kan opplysningar om søkjaren verta gjorde offentlege jamvel om søkjaren har bede om ikkje å verta oppført på søkjarlista.

UiO har ein [overtakingsavtale](#) for alle tilsette med føremål å sikra rettane til forskingsresultat m.m.

UiO har eit personalpolitisk mål om å oppnå ei balansert kjønssamansetjing og rekruttera personar med innvandrarbakgrunn. Som IA-bedrift vil me leggja tilhøva til rette for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne.

Kontaktpersonar

For spørsmål om stillinga:

[Professor Åshild Næss](#)

Søklarar kan kontakta prosjektleiar [Mikael Males](#) med spørsmål eller for å få den fullstendige prosjektskildringa.

For spørsmål om rekrutteringsprosessen: [Personalarådgjevar Tonje Olsen](#)

Om Universitetet i Oslo

Universitetet i Oslo er den eldste og høgst rangerte forskings- og utdanningsinstitusjonen i Noreg, med 28000 studentar og 7000 tilsette. Fagleg breidde og internasjonalt anerkjende forskingsmiljø gjer UiO til ein viktig samfunnsaktør.

Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) er eitt av sju institutt ved Det humanistiske fakultetet. Dei vitskapleg tilsette ved instituttet arbeider med forskning, undervisning og formidling innan fagområde som omfattar allmenn lingvistik, fleispråklegheit, mellomalderstudium (norrøn filologi og keltisk), nordisk litteratur (inkludert litteraturformidling og Ibsen-studium), nordisk språk (inkludert norsk som andrespråk) og retorikk og språkleg kommunikasjon.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted:

Blindern 0316 Oslo (Oslo Kommune)